



Maria Malmsten dirigerar Røysterett for alle. Det held ho fram med.

Maria Malmsten har sagt opp stillinga som dirigent for Rosendal Songlag men held fram for Røysterett for alle. Grenda meldar at russiske Yuliya Khozina overtek Rosendalkoret. Maria har leia dette i seks og eit halvt år og skal avslutta med å dirigera to julekonsertar. Leiinga sleg fast at ho har vore ein fantastisk inspirator.

- Faren med å diigera så lenge er at koret kan bli for vane med deg og då kan det vera lurt med eit skifte, seier Maria..Ho har no dirigert i 21 kor og har sagt opp i alle med unnatak av eitt.

Ho ynskjer også å bruka meir tid på å synga sjølv og å komponera. I den seinare tid har ho lagt for dagen eit stort talent også som komponist, ikkje minst gjennom den store syklusen ifjor haust.

Leiar Astri Måkestad i Rosendalkoret har respekt for at Maria ynskjer nye utfordringar samstundes som koret kan ha godt av det same.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen